

**Gledeleg stabilt elevtal!**

17.08.2016



I morgen går flagget til topps for elevane på Uskedal skule.

**I morgen går flagget til topps på Uskedal skule. Det markerer at det er nytt skuleår, og medan rundt 100 elevar er godt kjende med skulesystemet, er det 15 forventningsfulle førsteklassingar som møter til den aller første skuldagen sin. Det er stas, og for dei vert læraren det største førebiletet i tida framover.**

Rektor Lilli Britt Urheim og dei tilsette gler seg til å møta elevane og å ta fatt på eit nytt skuleår. Dei har allereie 3 planleggingsdagar bak seg der den første var eit såkalla kickoff der alle tilsette i Kvinnheradskulen var samla til føredrag i Kulturhuset Husnes mandag. Dei to neste dagane har vorte nytta til intern planlegging på skulen.

Det er svært gledeleg at rektor kan melda om stabilt elevtal. I fjor var det 115 elevar medan det er 114 i år. Førsteklassen har 15 elevar, og det er ein svært god klassestorleik. Dette er ei god utvikling her i bygda når vi veit at det vert 70 færre elevar i Kvinnherad det komande skuleåret i høve til i fjor.

Lilli Britt Urheim fortel at lærarstaben vert som i fjor, men det vert to nye assisterantar. Det er Eva Irene Myklebust som vert overtørt frå Uskedal barnehage og Hildegunn Klette Hansen som i fjor jobba ved Bringedalsbygda oppvekstsenter. Rektor gjer oss også merksam på at i samband med innføring av ny organisasjonsmodell i kommunen, vert no skulen og barnehagen to sjølvstendige einingar. Ann Irene Sæle vert einingsleiar i barnehagen. Dermed er det slutt på Uskedalen oppvekstsenter.

Torsdag kl.08.20 møter elevane i 2. til 7. klasse, medan førsteklassingane møter til sin aller første skuledag kl.09.30. Vi håpar å formidla biletet av den nye klassen etter at skulen har avklara det formelle med foreldra deira.

Vi ønskjer alle eit flott skuleår.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.